


Plan for bruk av motorkøyretøy i utmark 2024-2028



Valle Kommune

Innholdsliste

Innleiing	3
1. Det nasjonale rettsgrunnlaget	3
Køyring i utmark i utmark med direkte heimel i lova	3
Køyring i utmark etter skriftleg søknad	4
2. Kommunen sine målsetjingar	4
Motorferdsel på vinterføre.....	4
Motorferdsel på bar mark	5
3. Praktisering av lovverket	5
§ 5 a) Ervervskøyring.....	5
§ 5 b) Funksjonshemming.....	6
§ 5 c) Hytteeigarar	6
§ 5 d) Utmarksnæring	7
§ 5 e) Vedtransport.....	7
§ 6 Særskilde behov	7
4. Vilkår for snøskuterkøyring i Valle kommune	8
5. Løypenettet.....	8

Innleiing

Denne planen tar for seg bruk av motorkøyretøy i utmark i Valle kommune for perioden 2024 – 2028. Dette er ei vidareføring av ein plan for motorisert ferdsle i Valle kommune vedteke i kommunestyre 27.05.2020. I denne planen er det berre tale om bruk av motorkøyretøy. Motorkøyretøy er i lova definert som alle motordrivne framkomstmidlar. Det som gjeld bruk av luftfartøy er ikkje med i planen då kommunestyret den 07.07.99 vedtok ei eige føresegn for slik aktivitet.

1. Det nasjonale rettsgrunnlaget

All ferdsel med motorkøyretøy i utmark er regulert av *Nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*, fastsett av miljøverndepartementet 15. mai 1988 med heimel i 4a i *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag* av 10. juni 1977.

Køyring i utmark i utmark med direkte heimel i lova

Formål der ein ikkje treng særskild løyve for å nytte snøskuter (motorkøyretøy på vinterføre), er lista opp i § 3 i den nasjonale føresegna (tilsvarande for motorkøyretøy på barmark er lista opp i § 2, tilsvarende punkt b i den følgjande framstillinga). Desse formåla er:

- a)
 - Politi-, ambulanse- og redningsteneste og oppsyns- og tilsynsteneste etablert med heimel i lov
 - Offentleg post- og teletenester.
 - Nødvendig person- og godstransport til og frå faste bustader og i jordbruks-, skogbruks og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bærsanking reknast ikkje som næring i dette høvet.
 - Forsvarets øvingar, forflyttingar og transportar.
 - Anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg.
 - Rutetransport som drivast med løyve i medhald av samferdselslova.
- b)
 - Transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort, og transport ved jakt på villrein innanfor Hardangervidda villreinområde slik dette er avgrensa av Miljødirektoratet
 - Offentleg oppsyns- og tilsynsteneste.
 - Nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentleg regi.
 - Nødvendig transport i samband med anlegg og drift av vegar og større anlegg.
- c) Transport som er nødvendig for drift av turistanlegg (overnattings- og serveringsstader, skiheiser m.v.) som ikkje ligg til brøyta bilveg. Gjeld ikkje ubemanna hytter.

- d) Transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggeløyve.
- e) Opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for ålmenta og for konkurransar, når det vert gjort av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistverksemdar.
- f) Nødvendig transport i samband med vitenskaplege undersøkingar, til dømes dyreteljingar og liknande registreringar, etter oppdrag frå forskningsinstitusjon.
- g) Nødvendig transport av ved frå eigen eigedom til fast bustad.

Om køyring som nemnt i bokstavane b-g, kan kommunestyret gi nærare reglar andsynes område, trasear, sesonglengde, tidspunkt for køyring, utstyr m.m.

Køyning i utmark etter skriftleg søknad

For all motorferdsel i utmark med andre formål enn dei som er nemnde i §§ 2 og 3, kan kommunen etter skriftleg søknad gje løyve etter §§ 5 og 6 i føresegna. Etter § 7 kan kommunen sette ein del vilkår for desse løyva (sjå kap. 4), likeins som for køyring etter § 3 b-g.

Kommunen kan etter lova ikkje handsame søknadar ulikt ut frå eit kriterium som bustadskommune, statsborgerskap eller liknande.

2. Kommunen sine målsetjingar

Motorferdsel på vinterføre

Naturtilhøva i Valle er heilt spesielle der ein dei fleste stadar har bratt oppstigning og lange avstandar frå brøyta vegar i dalbotn til hyttene inne på heia. Det er ikkje gitt for kven som helst å ta seg opp på heia til fots. Spesielt er også den særskilde støystradisjonen. Om sjølve støylsdrifta er forsvunnen, så er noko av den karakteristiske livskjensla frå den gamle driftsforma framleis gjeldande.

Ein omfattande snøskutertrafikk har og negative sider. Det negative er først og fremst knytt til støy og farlege situasjonar som kan oppstå i samband med uvettig køyring. Eit anna moment er at snøskuteren fører med seg auka menneskeleg aktivitet i utmarka, noko som kan vere til ulempe for dyre- og fuglelivet. Til skilnad frå båtlivet på havet, kan ein grunneigar i medhald av lovverket nekte ordinær motorferdsle på sin eigedom.

Snøskutertrafikken må kanaliseras etter faste løyper inn til hytteområda. Eit løypenett er allereie etablert og er innteikna på kommunen sitt løypekart, sist revidert 06.12.95 (sjå kap. 5). Kommunen meiner det er viktig at ein mellom dei faste løypene kan oppretthalde områder med minst mogleg snøskutertrafikk som ein attraksjon for folk og dyreliv. I månaden mai ynskjer kommunen at snøskutertrafikken vert sterkt

reduisert. Grunnen er at dyre- og fuglelivet i denne perioden er ekstra utsett for forstyrning som følge av kalvings- og hekkeaktivitet og for at hjorteviltet spesielt som følge av ei hard vårknipe.

Motorferdsel på bar mark

Motorferdsel på bar mark ynskjer kommunen å avgrense så mykje som mogeleg av omsyn til naturmiljøet. Nødvendig transport med motorkøyretøy bør i størst mogeleg grad gjennomførast på snø.

3. Praktisering av lovverket

Skriftelige snøskuterløyver etter §§ 5 og 6 i føresegna.

Av dei løyva som kommunen har gjeve i sist periode, gjeld dei fleste fram til 1 mai 2024. Kommunedirektøren vil i kommande periode som før sette ein søknadsfrist for å garantera handsaming innan kommande vintersesong. Kommunen har etter gjeldande lov ikkje høve til å innføre søknadsgebyr.

§ 5 a) Ervervskøyring

Løyver etter § 5a i føresegna gjeld ervervskøyring. Det vil sei at fastbuande får løyve til å ta på seg ulike køyreoppdrag for andre enn seg sjølv. Eit køyreoppdrag skal etter føresegna vere knytt til minst eitt av følgjande punkt:

- transport med direkte heimel i § 3 i føresegna
- Transport mellom bilveg og hytte
- Tilsyn med privat hytte etter oppdrag frå eigaren
- Transport for massemedia på reportasjeoppdrag
- Transport for personar med funksjonshemming
- Transport etter dispensasjon i medhald av § 6 i føresegna
- Transport for beitelag (saltstein, gjerdemateriell, gjetarhyttar m.m)

Tilrettelegging for leigekøyning er kva sentrale styresmakter ser på som kanskje viktigaste botemiddel for å få ned det totale talet på snøskuterløyver. Valle kommune tildelte i siste periode 33 ervervsløyver. Klart flest vart gjevne etter løype 11 og 12, inn mot hytteområde i Everdalen og kring Myklevatn. I desse område er det særleg mange utenbygdsbuande hytteeigarar. Intrykket er at fleire og fleire kjøper seg eigen snøskuter. Det er likevel viktig at tilbodet på leigekøyning vert oppretthalde, og bidra til at færrest mogeleg har behov for eigen snøskuter.

Valle kommune vil i perioden 2024-2028 tildele ervervsløyver innanfor følgjande rammer:

Område	Løypenr	Antall løyver
Oveinang aust-bjørnevatt		2

Homme	Løype 2	2
Tveitebø	Løype 3	2
Sandnes-Kvestad-Harstad-Tveiten-Nordibø	Løype 4	5
Hovet-Haugen	Løype5	2
Bjørgum	Løype 6	2
Straume	Løype 7	2
Dale - Løyland - Røysland,	Løype 8	2
Åmli- Bø -Berg - Nomeland,	Løype 9	3
Uppstad	Løype 10	2
Berg-Brokke-Nomeland-Rysstad	Løype 11 og 12	10
Helle-Besteland	Løype 13	2
SUM		36

Dei som skal få ervervsløyve må sende skriftleg søknad til kommunen. Dei bør vere fastbuande i Valle kommune, og dei må vere fleksible med omsyn til å kunne ta på seg køyreoppdrag. Søkjarar som har hatt løyve tidlegare, må kunne påvise at dei har hatt ei viss mengde med oppdrag. Planutvalet avgjer kven som får løyve. Ervervsløyve er personleg og kan ikkje nyttast av andre enn søkjar.

§ 5 b) Funksjonshemming

Løyve etter § 5b gjeld dei som er funksjonshemma, der behovet er reelt og funksjonshemminga varig. Funksjonshemming som skuldast alder eller mellombels sjukdom vert ikkje femna av føresegna.

Rådmannen får delegert myndighet frå kommunestyret til å handsame søknadar etter § 5b. For at kommunen skal handsame søknad etter denne føresegna, krev kommunen utfylt legeerklæring på skjema fastsett av Valle kommune. Skjema må vere utfylt av lege. Legeerklæringa må dokumentere sterkt nedsett rørslefridom, reelt behov, og at funksjonshemminga er varig.

§ 5 c) Hytteeigarar

Løyve etter §5c gjeld transport av bagasje og utstyr til hytte. Det kan etter føresegna berre gjevast løyve til hytteeigaren, som omfattar eigaren sin næraste familie (ektefelle/sambuar, barn/svigerbarn og foreldre).

Kommunedirektøren får delegert myndigheit frå Kommunestyret til å handsame søknader etter § 5c. Det er etter denne paragrafen dei fleste av løyva vart gjevne. For eigar av hytte, samt for ektefelle/sambuar, barn/ Svigerbarn og foreldre, er det kurant å gje løyve. Om eigaren eventuelt ikkje kan finnast att som tinglyst heimelshavar/festar til grunnen der hytta står, må eigarforholdet dokumenterast gjennom skriftleg vedlegg i søknaden.

Det er likeins kurant å gje løyve til dei som har ein skriftleg reel avtale om leige av- eller om bruksrett til tilsvarande hytte med ein avtaleperiode på minst eitt år. Det kan gjevast løyve til to leigetakarar/bruksrettshavarar inkl. ektefelle/sambuar for kvar hytte.

Nødvendig tilsyn av hytte der det trengs snøskuter må utførast etter løyve gjeve til eigar, leigetakar/bruksrettshavar eller erverskøyrar.

Det gjevast ikkje løyve til firma som eiger eller leier hytte. Løyver må knytast til person. Firma som eige eller leiger hytte oppmodast til å nytte lokale folk med ervervsløyve. Eventuelt kan firma som eiger hytte ha ein person som søker løyve, og eigar av hytte som vert leigd ut til firma kan om han/hun ønskjer, køyre for firmaet på sitt løyve.

§ 5 d) Utmarksnæring

Løyve etter § 5d gjeld køyring for fastbuande som driv utmarksnæring utanom tradisjonelt landbruk. Med næringsverksemd meinast den del av utmarksnæringa som ikkje vert fanga opp av § 3a i føresegna, til dømes jakt, fiske og utleigeverksemd.

Kommunedirektøren får delegert myndigheit frå kommunestyret til å handsame søknader etter § 5d.

§ 5 e) Vedtransport

Løyve etter § 5e gjeld køyring av ved frå eigen eigedom til hytte eller køyring av ved frå anna manns grunn til eiga hytte eller ved bruksrett til hytte. Køyring av ved frå eigen eigedom til fast bustad treng man ikkje å søke om løyve til, jfr. § 3 i føresegna.

Kommunen krev kartfesting av kvar veden skal hoggast og skrifteleg avtale med grunneigar.

Kommunedirektøren får delegert myndigheit frå Kommunestyret til å handsame søknader etter § 5e.

§ 6 Særskilde behov

Løyvet etter § 6 gjeld køyring ved særskilde behov som ikkje vert fanga opp av §§ 2,3 eller 5 i føresegna. Motorferdsellova krev ei streng praktisering og søkaren må påvise eit særlig behov, der behovet ikkje kan dekkes på anna måte. Formålet med transporten må ikkje knytte seg til turkøyring.

Aktuelle formål:

- Næringsdrivande som treng løyve i samband med til dømes byggjearbeid, snørydding og reparasjonar av havarerte snøskuterar.
- Tungtransport til hytte nærare enn 2,5 km frå brøyta bilveg
- Personar med særskild familietilknytning til eigar av hytte/støyl og som ikkje vert fanga opp av det som er nemnt under omtalen av § 5c i føresegna.
- Personar med funksjonshemming som ikkje vert fanga opp av § 5b.
- Grendelag eller liknande tilskipingar som skal ha eit sosialt arrangement. Løyve vert då gjeve til dei som frå før har løyve etter den snøskuterløypa som er nærast knytt til arrangementsstaden.
- "Følgjeskuter" ved omsyn til tryggleiken

Løyve etter § 6 kan etter føresegna berre gjevast av folkevald organ. Kommunestyret delegerer denne myndigheita til plan- og miljøutvalet.

4. Vilkår for snøskuterkøyring i Valle kommune

Generelle vilkår for snøskuterløyver for tidsrommet 01.05.2020 - 01.05.2024, i medhald av § 7 i Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag:

1. For all køyring med snøskuter i utmark som ikkje er direkte heimla i føresegna sin § 3, pliktar køyraren å ha med seg eit personleg skriftleg løyve gjeve av kommunen. Køyringa skal vere knytt til formålet som er nemnt i løyvet.
 2. All køyring skal følgje løypetrassen som er oppgjeve i løyvet og som kan finnast igjen på kommunen sitt løypekart (sist revidert 15.11.00). Frå løypetrassen skal transporten gå stuttaste praktisk farbare veg ut til endestaden oppgjeve i løyvet.
 3. Vintersesongen er avgrensa fram til og med 1. mai for dei løyva kommunen har gjeve, unnateke ervervsløyve. Innanfor Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde er all ferdsle forbode f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai innanfor kalvingssonene Ratevassnuten (nord for Ljosådalen) og Svarvaren. Innanfor trekksonene Svarteløkfjellet (Evardalen - Kverevatn) og Vardsvatn - Kvislevassknuten er all ferdsle forbode fo.m. 15. april t.o.m. 20. mai. Dette i følgje verneføresegna og av omsyn til villreinen.
 4. Etter § 10 i Lov om motorferdsel i utmark kan ein grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom uavhengig av løyver gjevne av kommunen. Løyvehavar må sjølv syte for samtykke frå aktuelle grunneigarar ved ferdsle utanfor dei kommunale løypene.
 5. Ulovleg køyring kan føre til inndraging av løyvet. Etter § 12 i Lov om motorferdsel i utmark vert dei som i aktløyse køyrer ulovleg, straffa med bøter.
 6. Køyraren pliktar å køyre varsamt med auge for folk og dyreliv.
 7. Vedtak om snøskuterløyve kan etter § 28 i forvaltningslova påklagast til Statsforvaltaren.
- Klagen sendast til Valle kommune innan tre veker etter at melding om vedtak er motteke.

5. Løypenettet

Forklaring av dei ulike snøskutertraseane, innteikna på kommunen sitt løypekart (sist revidert 15.11.00). Planutvalet har fullmakt til å føretake endringar/justeringar av traseane.

Austheia

Løype 1. Oveinang aust - Bjørnevåttn

Området kring Bjørnevåttn med utgangspunkt i riksveg 45.

Løype 2. Homme

Frå Homme etter skogsvegen - Laugardalen - Ljom - Tårevikvatnet - Osen - Kaldheimstjønn - Fitbekkvatn.

Frå Bakkebu går det ei løype sør for åni og inn på løypa ved Ljom.

Frå Laugardalstjønni går det ei løype etter traktorvegen opp til Stavvatn.

Løype 3. Tveitebø

Frå Tveitebø etter skogsvegen - Valevatn - Bispevegen til Finndalen.

Frå enden av heievegen - Røyrvatn - Tveitebø Finndalen.

Løype 4. Vallebygda (Sandnes - Kvestad - Harstad - Tveiten - Nordibo)

Ei løype frå Brottveit - Stavadalen - Varden - Prestvatn - Stavvatn - Hævatn - Voilevatnet - Fisstøyl.

Frå Voilevatnet - Optetjønn - Neiretjønn.

Frå Stavedalen - Kjevlestøydalen - Bjønnåsen - Luseskarheia - Ljom - Vassland - Osen - Borgårtjønn - Verevatn - Timreviki.

Frå Tveitelivegen - Tveitedalen - Skavlen - Storestøyl - Ljom.

Frå Nordibø etter skogsbilvegen - Varden.

Løype 5. Hovet - Haugen

Etter skogsbilvegen - Vindåsen - Fiskevatn.

Løype 6. Bjørgum

Etter skogsbilvegen (evt. gamlevegen) - Sjellstøyl - Mjåvatni - Heddevatn.

Løype 7. Straume

Gamlevegen opp Straumstia - Slystøyl - Mjåvatn - Straumsfjorden.

Vestheia

Løype 8. Dale - Løyland - Røysland

Frå Røysland etter skogsvegen opp Røyslandslidi - Røysland Tveitevad - Dyrestjønn - Reinstøyl - Hovatn - Øyan.

Løype 9. Åmli - Bo - Berg - Nomeland

Bilvegen frå Berg - Andvor - Burak - Rennevatn - Hægste - Sveling - Bossbu.

Frå Andvor - Bø-Hylesdalen.

Løype 10. Uppstad

Etter skogsbilvegen - over nordre tippen - Uppstaddalen - Finnbudalen.

Løype 11 . Berg - Brokke - Nomeland

Etter fylkesvegen frå Jamsverk (Evt.Furustøyl) - Greinebrua - Heibergsvegen.

Etter fylkesvegen frå Greinebrua - Myklevatn.

Løype 12. Rysstad

Frå Nautebrune opp Baklivegen - Stemtjørn - Tjurrmovatnet - Nyestøydalen - Myklevatn - Greini.

Løype 13. Helle - Besteland

Frå Øvre Besteland opp skogsbilvegen - Myklevatnet - Tjønneli - Flatestøyl.